Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 04.03.2026
Vår ref: 2018/831
Dykkar dato:
Dykkar ref:

BLOM FISKEOPPDRETT AS
Ulvøyvegen 130
5337 RONG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kjell Kvingedal, 5557 2312

# Rapport etter tilsyn hos Blom Fiskeoppdrett AS, 22. januar og 10. februar 2026

**Kontrollnummer: 2026.001.I.SFVL**

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn på lokaliteten Silda 22. januar 2026, og digitalt tilsyn på Teams 10. februar 2026 med Blom Fiskeoppdrett AS (organisasjonsnummer: 840 215 512).

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

## Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

### Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Internkontrollen har manglar
- Avvik 2: Verksemda har ikkje utarbeid støysonekart ved drift utan landstraum

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

Blom Fiskeoppdrett AS må rette opp avvik snarast. Vi ber om at de sender Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta innan **1. juni 2026**. Gjennomføring av tiltaka kan bli følgd opp med nytt tilsyn.

### Statsforvaltaren gav merknader

Vi har følgjande merknad:

- Merknad nr. 1: Overvaking av sårbar natur - sjøfugl og korallar

Merknad er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

### De må betale gebyr

Blom Fiskeoppdrett AS må betale eit gebyr på 43 100 kroner for tilsynet.

## Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

### Avvik nr. 1: Internkontrollen har manglar

**Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket**

Internkontrollforskrifta § 5 punkt 4 til og med 8 og punkt 2.6 om internkontroll og vilkår om miljøovervaking i *Løyve etter forureiningslova for matfiskproduksjon ved lokaliteten Silda* av 8. mai 2019.

**Om krava**

Internkontrollforskrifta § 5 krev at verksemder skal ha ein internkontroll som er tilpassa verksemda sin art, aktivitetar, risikoforhold og storleik. Internkontrollen skal dokumenterast i den form og det omfang som er nødvendig.

- I § 5 andre ledd punkt 4 er det kravd skriftleg dokumentasjon for at verksemda set seg mål for helse, miljø og tryggleik.
- I § 5 andre ledd punkt 5 er det kravd skriftleg oversikt over korleis ansvar, oppgåver og myndigheit for arbeidet med helse, miljø og sikkerheit er fordelt
- I § 5 andre ledd punkt 6 er det kravd skriftleg dokumentasjon for at verksemda kartlegg farar og problem, vurderer risiko, og lagar planar og gjer tiltak for å redusere risikotilhøva.
- I § 5 andre ledd punkt 7 er det kravd skriftleg dokumentasjon for verksemda sine rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav som følgjer av helse-, miljø- og tryggleiksregelverket.

**Observasjonar på tilsynet og vår vurdering**

Det er fleire krav i løyve etter forureiningslova til matfiskproduksjon av 8. mai 2019 som krev oppfølging i ein aktiv internkontroll. Her kan nemnast krav om bruk av best tilgjengeleg teknikk for miljøforsvarleg drift, resultat frå miljørisikovurderinga, forslag til avbøtande tiltak for å vise omsyn til Sildekruna naturreservat i hekketida, overvaking av korallar og dokumentasjon av støy. I tillegg er det og krav til overvaking av strandsone, makroalger og organisk belastning.

Blom Fiskeoppdrett AS er i ferd med å skifte internkontrollsystem og er i gang med å sette dette i drift.

Det er ikkje sett tilstrekkeleg miljømål for drifta av matfiskanlegget ved Silda for kva som er akseptabel påverknad på ytre miljø, både på vatn, busetnad og sårbar natur.

Det er ikkje gjort tilstrekkelege miljørisikovurderingar der det går fram kva som er akseptabel påverknad på ytre miljø gjennom året. Verksemda skal gjennomføre ei miljørisikoanalyse, og vurdere

resultata med tanke på akseptabel miljørisiko. Risikoanalysen bør innehalde ein dokumentert omtale av resipienten, inkludert sårbare naturtypar og artar som kan bli påverka av matfiskproduksjonen.

Verksemda har som mål å oppdatere risikovurderinga årleg, men det kom fram at dette ikkje var gjort. Det er og viktig at heile organisasjonen deltek ved oppdatering av internkontrollen, og at dei som arbeider eller har tilgang til lokaliteten er godt kjent med miljøkrava.

Det manglar skriftlege rutinar i forlenging av risikovurdering om forstyrring av fugl, styring av båttrafikk og annan aktivitet, lysbruk og støy frå lokaliteten slik at belastninga på naturreservatet vert minst mogleg.

## Avvik nr. 2: Verksemda har ikkje utarbeid støysonekart ved drift utan landstraum

**Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket**
Vilkår 7 og vilkår 13.1 i Løyve etter forureiningslova for akvakulturanlegg for lokalitet Silda av 8. mai 2019.

**Om krava**
Verksemda skal utforme og drive anlegget slik at det ikkje oppstår urimelege støyplager for omgjevnadene. Det er difor sett krav om utarbeiding av to støysonekart som skulle vore sendt kommunen og Statsforvaltaren innan utgangen av 2019.

**Observasjonar på tilsynet og vår vurdering**
Det er ikkje utarbeidd støysonekart i samsvar med vilkåra i løyve. Verksemda starta arbeidet med landstrøm i 2024, først med nok landstrøm til øya Silda, så bygging av trafo og kabel over privat eigedom til matfiskanlegget. Det har vore ulike driftsproblem, og det er enda ikkje stabil drift med landstrøm. Frå 2022 vart det nytta batterihybrid som vart lada om natta. Når landstrøm er etablert er det utstrålt støy frå utfôring via fordelingsventilar og fôrspreiarar, forutan aktivitet frå fôrbåtar, brønnbåtar og annan aktivitet på lokaliteten. Avbøtande tiltak for redusert støy er særleg viktig i hekketida på Sildekruna naturreservat.

## Merknad nr. 1: Overvaking av sårbar natur - sjøfugl og korallar

I forbindelse med søknad om utviding av MTB på lokaliteten er det lagt ved miljøfaglege rapportar og undersøkingar. Korallovervaking er utført av STIM Miljø og telling av gråmåsereir i Sildekruna naturreservat er gjennomført av Lutra AS.

Samanlikna med overvaking av utslepp til vatn er det ikkje utvikla nasjonale standardar for korleis overvaking av sårbar natur skal utførast, og korleis ein skal vurdere resultata. Det er difor viktig med samanlikning med resultat frå tilsvarande overvaking.

Anlegget sitt utvida areal med ny rekke med ringar i aust, har minka avstanden mellom utsleppa frå anlegget og funna av korallar nærmast anlegget. Anlegget blir no liggande over korallforekomstar. Det er dokumentert påverknad frå oppdrettsanlegget på korallar i anleggsonen frå sedimentering og ved fysisk skade ved fortøyingane. Dette viser ikkje att i anlegget sine risikovurderingar. Utvidinga medfører auka risiko for negativ påverknad på korallane, og behov for auka overvaking av desse verknadene.

Når det gjeld utslepp til vatn er overvakinga styrt av Norsk standard som sikrar god kvalitet på dataene. Kunnskap om påverknad på sårbar natur frå akvakultur er mangelfull. Det same er og kva grad ein kan redusere påverknaden ved førebyggande tiltak. Havforskningsinstituttet har ei sentral rolle i å utvikle metodikk og kunnskapsgrunnlag for overvaking av korallar, og kunnskap frå Silda er viktig om påverknad frå akvakultur. Det vert arbeidd med ein rettleiar for kartlegging og verdisetjing av korallar som vert viktig for å vurdere effektane.

Hovudkonklusjon frå overvaking av sjøfugl i hekketida frå Lutra AS er at det ikkje er påvist nokon tydeleg negativ påverknad over tid frå oppdrettsanlegget. Statsforvaltaren gjennomfører tellingar i hekketida på Sildekruna naturreservat etter standarden for sjøfugltellingar utarbeidd av NINA (Norsk institutt for naturforskning) . Dataene er eit viktig grunnlag for forvalting av sjøfuglane. Desse dataene vert delt med mellom anna NINA og Miljødirektoratet. Frå desse dataene ser vi vesentlege skilnader frå anlegget sine tellingar særleg for 2020 og 2025. Det er viktig at ulike tellingar i området vert samordna slik at ein kan vurdere om endringane er ein del av ei generell trend langs kysten eller resultat av påverknad frå oppdrettsaktiviteten.

### Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at Blom Fiskeoppdrett A/S må betale eit gebyr på 43 100 kroner for tilsynet. Dette svarar til sats 2 for tilsyn med varigheit inntil ein dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr i e-post av 20. januar 2026 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

#### De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket om gebyr. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunngjevast skriftleg, og skal sendast til Statsforvaltaren seinast 25. mars 2026. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

## Del 3: Informasjon om tilsynet

### Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er det første på lokaliteten Silda og er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn. Tilsynet var gjennomført i forbindelse med søknad om utviding av matfiskproduksjonen på Silda. Tilsynet var delt opp i ei synfaring 22. januar 2026 og eit digitalt tilsyn 10. februar 2026.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Kjell Kvingedal
- Gunn Helen Henne

Kontaktperson hos verksemda:

- Øyvind Blom

### Anlegg

Følgjande av verksemda sine anlegg vart kontrollerte under tilsynet:

- Silda, lokalitetsnummer 39577

### Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- Internkontroll
- Utslepp til vatn
- Støy
- Sårbar natur

### Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- Forureiningslova
- Forureiningsforskrifta
- Løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren frå 8. mai 2019
- Internkontrollforskrifta

### Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon var tilgjengeleg for å verifisere faktiske tilhøve:

- Søknad om endring av biomasse frå MTB på 2340 tonn til MTB 3120 tonn av 16. januar 2024 med miljøfaglege rapportar.

## Del 4: Annan informasjon

### Andre tilhøve

Blom Fiskeoppdrett AS starta drifta ved Silda i oktober 2019. Det er produsert tre utsett. Ein er no i gong med fjerde utsett som vart satt ut hausten 2025. Anlegget er endra sidan driftstart, først frå 2 til 3 ringar i 2022, så frå 3 til 6 ringar i 2025. Det er no matfiskproduksjon i 5 av 6 ringar. Lokaliteten produserer med god tilvekst og lite lakselus. Det er få andre matfiskanlegg i området og lågt smittepress. Smolten som vert sett ut er 100-200 gram noko som gir ein produksjonstid i sjøen på rundt 13 månader, deretter ein brakklegging i 6-8 månader mellom kvart utsett. Drifta er tilknytt forsentral i Øygarden. Større driftsoperasjonar skjer anten med eigne folk frå Øygarden eller innleigde.

Selskapet produserer berre regnbogeaure på alle lokalitetar frå eigne smoltanlegg, Strømsnes Akvakultur AS og Austefjorden Smolt AS. Det vert ikkje nytta produksjonslys i sjøen ved Silda, då dette ikkje har effekt på tilvekst hos regnbogeaure. Det vert gjennomført avlusing i eigne brønnbåtar med ferskvatn og termolicer i 28 grader.

Etter ein episode i 2019 som førte til fiskedød, har verksemda kutta kjemikaliebruk. På nøtene vert det ikkje brukt kobber eller tralopyril, men biocidfri coating. Nøtene vert vaska og vedlikehalde hos Selstad i Måløy. Det vert heller ikkje nytta lusebad eller antibiotika.

Det er gode resultat i MOM-B undersøkingane når det gjeld organisk påverknad på lokaliteten og områda rundt. På landbasen på Raudeberg vert avfall handtert og farleg avfall vert levert i lukka containar og deklarert.

### De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

### Rapporten er offentleg

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på www.einnsyn.no, i samsvar med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Lars Martin Færseth
seksjonsleiar

Kjell Kvingedal
spesialrådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent*